

Fra: Anne Aune (Anne.Aune@hfk.no)

Sendt: 09.10.2015 11:17:17

Til: 'Sørheim, Mary Ann'

Kopi:

Emne: SV: Kulturminneplan Kvam herad

Vedlegg: Materiale frå Kvam.docx

Hei,

Eg skal prøve å hjelpe deg litt på veg, kanskje kjenner du til ein del av dette sjølv, men her er ein oversikt:

Foto

Hordaland fylkeskommune sin fotobase, sjå: <http://hordalandfoto.ives.no/fotoweb/>

Fotobasen til Billedsamlingen - Universitetsbiblioteket i Bergen :

<https://marcus.app.uib.no/billedsamlingen/f?p=325:1>:

Digitalt Museum: <https://digitaltmuseum.no/>

Du kan søke på digitalt innhald i Nasjonalbiblioteket sin base: <http://www.nb.no/>

De har også sjølve i Kvam herad ein flott fotosamling etter fotograf Alfred Vikøren som vart digitalisert av Fylkesarkivet for nokre år sidan.

Stadnamn:

Når det gjeld stadnamn vil eg foreslå at du tek kontakt med Stadnamnsamlinga ved UiB, sjå:

<http://www.uib.no/lle/25429/stadnamnsamlinga>. Dei har gjennom ei årrekke samla inn stadnamn i Hordaland og samarbeidd med ein del kommunar i Hordaland om å få stadnamn digitalisert og formidla på nett, men det ser ikkje ut som Kvam herad har inngått eit slikt samarbeid, sjå:

<http://clu.uni.no/stadnamn/lydkart/index.html>

Sjå elles: <http://www.hordaland.no/Hordaland-fylkeskommune/Kultur/Fylkesarkivet/Lokalhistorisk-materiale-pa-nett-om-Hordaland/Stadnamn-og-gardsnamn/>

Legg også ved ei liste med oversikt over foto og anna materiale som vi har oppbevart i fylkesarkivet. Dette materiale må du evnt. kome og sjå på her på fylkesarkivet. Vi kan evnt. digitalisere det materialet de er interessert i å ha tilgang til.

Beklagar litt sein tilbakemelding, men berre ta kontakt om du har fleire spørsmål.

Mvh

Anne Aune

fylkesarkivar

Hordaland fylkesarkiv | Kultur- og idrettsavdelinga

Tlf: 55 23 99 50, mobil 481 76 858

Epost: anne.aune@hfk.no

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Agnes Mowinckels gt 5 | Postboks 7900 | 5020 Bergen
www.hordaland.no

Fra: Sørheim, Mary Ann [mailto:MARS@kvam.kommune.no]

Sendt: 28. september 2015 13:38

Til: Anne Aune

Emne: Kulturminneplan Kvam herad

Hei ☺

Kvam herad er i gang med kulturminneplan, og i den samanheng skal eg prøva henta inn opplysingar om kva registreringar som finnes både av foto, stadnamn osv som gjeld Kvam.

Har du ei oversikt over fotosamlingar som er registrerte i Kvam, kvar dei finnes, og veit du og noko om stadnamna som vart samla inn tidleg 1990-talet er digitaliserte ?

Takknemleg for alle innspel om kva som er registrert i Kvam, og kvar eg finn dette materialet ☺

Mvh

Mary Ann Sørheim

Kulturkonsulent/kinosjef

Telefon: 56556906 – 95407710

Epost: mars@kvam.kommune.no

Kvam herad – www.kvam.no